

Årsmelding for kyrkjelydane

i Finnøy 2019

Visjon Den Norske Kyrkja

Kyrkjelydane i Finnøy kommune, Hesby, Talgje og Sjernarøy, er ein del av Tungenes Prosti, Stavanger Bispedømme og deler Den Norske Kyrkja sin visjon: *"Vi er sendt av den treeinige Gud for å dela evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling" "I Kristus, nær livet" – ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.*

Vedkjennande ved å dele og gi vidare trua på den treeinige Gud. Misjonerande ved å vitne om Jesus Kristus lokalt og globalt saman med den verdsvide kyrkja. Tenande ved å vise omsorg gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kamp for rettferd og vern av skaparverket. Open ved å utvikle fellesskap som verdset mangfald og respekterer ulikskapar.

I tillegg har kvart av sokna i Finnøy eigen visjon:

Hesby - *Bygge Guds rike, så dei kan verta frelste.*

Talgje - *Utvid grensene*

Sjernarøy - *Velkommen til kyrkja.*

Finnøy kommune

Finnøy kommune hadde 3149 innbyggjarar per 3. kvartal 2019. Ein nedgang frå 3174 (2018) 3245 (2017) og 3221 (2016). Det er ein reduksjon på 25 personar i løpet av fjoråret. Medlemstala til kyrkja er 2289 personar i 2019. Finnøy kommune vil frå 1/1 – 20 slå seg saman med Rennesøy og Stavanger. Kyrkja vil frå då bli ein del av Stavanger kyrkjelege fellesråd. Samtidig som me fortsatt er ein del av Tungenes prosti. I Finnøy har me tre sokn og totalt seks gudstenestestader (kyrkjelydar)

Staben 2019

Øystein Kirkeli – Kyrkjevevjerje

Tor Egil Eriksen – Sokneprest i Hesby

Terje Engstrøm – Sokneprest Talgje og Sjernarøy

Heidi Bø Sangedal - trusopplærar og klokkar Fogn

Brenda Marie Talgø Kolstadløyken - Kontorfullmektig

Elin Underhaug Kanu – Kantor Hesby og Fogn, ansvar for koret på Fogn

Silje Aandstad – Kantor Talgje

Unni Vignes – Organist Sjernarøy og speler på andaktar ved sjukeheimen og sangkveld/formiddagstreff i Sjernarøy (fram til mai)

Geir Eskeland – organist Halsnøy, Jørstad og Sjernarøy (frå og med mai)

Sissel Bleie - Kyrkjetenar og reinhaldar Hesby

Tor Bjarne Flesjå – Klokke Hesby

John Sigmund Bjerga – kyrkjetenar og klokke Halsnøy

Kjell Reidar Tingvik – kyrkjetenar Jørstad

Anne Skogen – kyrkjetenar og reinhaldar Sjernarøy

Kari Hidle – klokke Sjernarøy

Jostein Gard – kyrkjetenar og reinhaldar Talgje

Dag Olav Sæbøvåg – kyrkjetenar Fogn

Vivian Bøe Djønne- reinhaldar Fogn

Sokna sitt arbeid

Talgje Sokn

Består av Talgje kyrkje på øya Talgje, Fogn kyrkje på øya Fogn med Bokn, Byre og Måløy, og Halsnøy Bedehus på øya Halsnøy. Visjonen er "Utvid grensene". Kvar øy har sine utfordringar og sin kultur. Ein må difor arbeide på ulike måtar, for å få kyrkja sin visjon utført på kvar øy. Utanom alt arbeidet og trusopplæringa som drivast av kyrkja, drives det mykje arbeid blant både vaksne, barn og unge på alle øyane i regi av bedehuset og frivillige. Kyrkja ønsker godt samarbeid med lokale frivillige og organisatoriske krefter.

Talgje sokneråd har det siste året hatt fokus på bønn og misjon. På Talgje og på Fogn har ansvarskomiteane tatt initiativ til oppbyggelege møter.

I Talgje sokn blei det i 2019 arrangert totalt 66 Gudstenester med en oppslutnad på 2899 som gir 44 deltakarar i snitt. 23 av Gudstenestene var utanom sundag og helligdagar. Ser man kun på Sundagsgudstenester var der i snitt 51 besøkande.

Det var 4 dåp, 8 konfirmerte, 0 vigsel og 3 gravferder.

Talgje øy og kyrkje

Det er ein ansvarskomite for kyrkja på Talgje, der soknerådsmedlemmene og kontor i Talgje er med saman med nokre til frå kyrkjelyden. Komiteen tek ansvar for kyrjekaffi ved nokre anledningar, og arrangerer kvart år ein syng jula inn. Øya har husgrupper tilknytt kyrkja. Komiteen har og arrangert bibeltimar på bedehuset. Det er fast barnehagegudsteneste i advent og påske. Og ca 10 kveldsbønsamlingar i året. Det er god oppslutning på gudstenestene. Det har siste året vore barn med som medliturgar i gudstenestene. Det blei i 2017 oppretta ein orgelkomite for innsamling av pengar til nytt orgel. Komiteen har arrangert konsertar i kyrkja og elles til inntekt

for nytt orgel. Talgje kyrkje opplever mykje besøk utanom gudstenester og faste arrangement. Jostein Gard er primus motor for å fortelje om kyrkja si historie. Det er og verdt å merke seg at når det er gudsteneste på Talgje kjem det nokre frå Finnøy kvar gong. Den årlege roturen som er ein del av trusopplæringa i Finnøy, startar med samling i Talgje kyrkje der borna lærer liturgi og lokal kyrkjarahistorie.

Fogn øy og kyrkje

Fogn kyrkje har hatt i overkant av 1 gudsteneste i månaden med trufast oppmøte og fast kyrjekaffi. Det er betre oppslutning på enkelte av gudstenestene, som mellom anna familiegudstenester og påskegudstenester. Kyrkjerommet innbyr til kreative gudstenester, som til dømes; høyrespel, kor, drama, ljostenning, og bønnevandring med meir. Fogn er ein av dei plassane det er mange medliturgar å ta av, og det er mogleg å få frivillige til å gjere ulike oppgåver. Trusopplæringstiltaket for alle 6.klassingar i kommunen Lys Vaken arrangerast på Fogn. Utanom soknerådet har Fogn kyrkje ein ansvarskomite, som blant anna har ansvaret for å fordela praktisk arbeid i kyrkja, inkl. kyrjekaffien. Dei har og arrangert møter/temakveldar og konsertar. Det er barnekor og eit tilbod til dei yngste barna Hobby og tru. For vaksne er det kor og torsdagstreff med vafler. Det har og vore arrangert komlemiddag i kyrkjekjellaren fleire gonger i løpet av året. Dei siste åra har det vore basar til inntekt for kyrkja lokalt. Inntekter frå basaren er nytta til å ferdigstille arbeidet med belegningsstein og mur på framsida av kyrkja ved inngang til kjellar og bårerom. Arbeidet er gjort på dugnad.

Halsnøy øy og bedehus

Gudstenestene har gjennom året vore stabilt besøkte på Halsnøy. Halsnøy har ein gudsteneste i månaden. Me har hatt kyrjekaffi ved kvar gudsteneste og det har vore svært positivt. Prest og organist har og vore med og hatt god tid, før dei har reist vidare til Jørstad kyrkje. I 2019 var det to konfirmentar på Halsnøy. Halsnøy har vore og er framleis vertskap for trusopplæringsprosjektet "Pinse for alle", som rettar seg mot 4. klassingar i heile Finnøy kommune. Ei gruppe lokale har vore aktivt med. Ein har gudstenesta på eit bedehus, med tradisjon for lågkyrkjelege seremoniar, og ein vil derfor jobbe vidare med gudstenesteliturgien for å gjere at den passar godt til folkesjela på Halsnøy. Kyrkja ønsker eit godt samarbeid med organisasjonane på Halsnøy.

Hesby sokn

Hesby kyrkjelyd sin visjon har vore «Bygge Guds rike» med målsetting «så dei kan verta frelste».

Hesby kyrkjelyd har eit godt og breitt samarbeid med kristne lag og organisasjonar på Finnøy. I tillegg til planlagde og gjennomførte gudstenester i 2019: 29 GT på sundagar helgedagar med 104,3 i snitt, og 23 GT på kvardagar med 30,8 i snitt. Det vart feira 4 «tilrettelagte Gudstenester» der bebuarane på Fåtunet er aktive deltakarar. 17 av Gudstenestene hadde nattverd med snitt på 73 deltakarar. Det var 13 dåp, 19 blei konfirmert, 6 vigslar, 15 gravferder. Soknerådet har hatt ansvar for ulike konsertar i Hesby kyrkje og for bønnesamlingar i kyrkja første tysdagen i månaden. Roturen som er eit trusopplæringstiltak for 7.klasse har gudsteneste i Hesby kyrkje og overnatting på Emmaus. Ungdomsalphar som er eit trusopplæringstiltak for 10.klasse vert arrangert på Emmaus av frivillige vaksne. I år var også trusopplæringstiltaket «Tårnagent» for 3. klasse arrangert i Hesby. Babysang for heile kommunen held til på biblioteket og drives av organist i Hesby sokn. Open Hall/KRIK for ungdom er eit samarbeid mellom sokneråda. Kyrkja har eit nært og godt samarbeid med sundagsskulen knytta opp til familiegudstenester. Påskevandringa på Nordre Vignes som sundagsskulen arrangerer må nemnast som eit særst positivt og samlande tiltak.

Sjernarøy sokn

Sjernarøy sokn består av Sjernarøyane og Ombo. Visjonen er "velkommen til kyrkja". Det finst to kyrkjer; Sjernarøy kyrkje på Kyrkjøy, og Jørstad kyrkje på Ombo. I 2019 var der 6 dåp i soknet, 2 vigslar, 4 gravferder og 6 konfirmantar. 26 Gudstenester på sundager og helligdagar med 41 deltakarar i snitt, og 3 gudstenester på kvardagar med 50 i snitt. Det er bra oppmøte når der er dåp, samt på haustakkefestane og Julaftan. Også i 2019 haldt Unni Vignes ilag med frivillige fram med songkveldar på Sjernarøyane, som har vore eit kjærkomment bidrag til den kristne verksemda. Det blei og arrangert 4 føremiddagstreff på Helgøysund Bedehus med 10-15 deltakerar. Vi gler oss over at vi har eit barnelag i Sjernarøyane som samlast 10 gonger i året og har deltakarar frå 0-15 år, dei yngste i lag med vaksne. På Ombo er det Barneglede som er eit kor for dei yngste barna. Dei samlast i kyrkja annankvar torsdag og er ca 15 – 20 barn. Det er og Yngres som samlast på skulen ca 16 gonger i året. Dette er

ikkje i regi av kyrkja, men andre aktive kristne. Trusopplæringstiltaket for alle 7.klassingar i kommunen ein rotur frå Sør—Talgje, avsluttast i Sjernarøy kyrkje.

Statistikk 2019

Sjernarøy sokn:

Dåp: 6 i 2019 (5 i 2018, 5 i 2017, 10 i 2016, 8 i 2015, 12 i 2014, 4 i 2013)

Konfirmerte: 6 i 2019 (4 i 2018, 9 i 2017, 6 i 2016, 5 i 2015 0 i 2014, 3 i 2013)

Vigslar: 2 i 2019 (6 i 2018, 2 i 2017, 5 i 2016, 1 i 2015, 0 i 2014, 3 i 2013)

Gravferder: 4 i 2019 (8 i 2018, 4 i 2017, 13 i 2016, 7 i 2015, 9 i 2014, 7 i 2013)

Totalt antall Gudstenester: 29 i 2019 (28 i 2018, 27 i 2017, 30 i 2016, 33 i 2015, 30 i 2014, 29 i 2013)

Snitt antall på Gudstenestene: 41,9 i 2019 (39,6 i 2018, 50,5 i 2017, 53,9 i 2016, 52,3 i 2015, 46,3 i 2014)

Snitt antall på Sundagsgudstenester i soknet: 41 i 2019 (38,6 i 2018, 49,8 i 2017, 54,2 i 2016, 46 i 2015)

Snitt tal på ordinære Gudstenester Sjernarøy: 50,8 i 2019 (52,9 a 12 i 2018, 91,8 a 13 i 2017, 65,8 a 13 i 2016, 65,86 a 14 stk i 2015)

Snill tal på ordinære Gudstenester Jørstad: 29,5 i 2019 (25,5 a 13 i 2018, 29,3 a 11 i 2017, 43,4 a 14 i 2016, 34 a 12 stk i 2015)

Antall nattverdsgudstenester: 14 i 2019, (12 i 2018, 10 i 2017, 8 i 2016, 6 i 2015, 10 i 2014)

Totalt tal på nattverdsgjester: 247, snitt 17,6 i 2019 (145, snitt 12,1 i 2018, 224, snitt 22,4 i 2017, 157, snitt 19,6 i 2016, 100 snitt 16,6 i 2015, 144, 14,4 i snitt 2014)

Utmeldingar: 0 i 2019 (1 i 2018, 2 i 2017, 4 i 2016, 0 i 2015, 1 i 2014)

Innmeldingar: 1 i 2019

Hesby sokn:

Dåp: 13 i 2019 (21 i 2018, 18 i 2017, 26 i 2016, 21 i 2015, 22 i 2014, 21 i 2013)

Konfirmerte: 19 i 2019 (25 i 2018, 24 i 2017, 26 i 2016, 28 i 2015, 24 i 2014, 19 i 2013)

Vigslar: 6 i 2019 (2 i 2018, 5 i 2017, 10 i 2016, 2 i 2015, 9 i 2014, 7 i 2013)

Gravferder: 15 i 2019 (13 i 2018, 13 i 2017, 13 i 2016, 9 i 2015, 8 i 2014, 18 i 2013)

Totalt antall gudstenester: 52 i 2019 (45 i 2018, 47 i 2017, 49 i 2016, 54 i 2015, 54 i 2014)

Snitt antall på Gudstenestene: 71,8 i 2019 (92,2 i 2018, 98 i 2017, 88,7 i 2016, 91 i

2015, 97 i 2014, 89 i 2013, 61 i 2012)

Sundagsgudstenester: 104,3 i 2019 (124,6 i 2018, 124,6 i snitt i 2017, 115 i snitt i 2016, 110 i snitt i 2015)

Antall nattverdsgudstenester: 17 i 2019 (17 i 2018, 24 i 2017, 20 i 2016, 22 i 2015, 18 i 2014)

Totalt tal på nattverdsgjester: 1234, 72,5 i snitt i 2019 (1258, 74 i snitt i 2018, 2164, 90,2 i snitt i 2017, 1570, 78,5 i snitt i 2016, 1721, 78 i snitt, 1386 snitt på 77 i 2014)

Utmeldingar: 4 i 2019 (7 i 2018, 9 i 2017, 15 i 2016, 1 i 2015, 0 i 2014)

Innmeldingar: 0 i 2019 (1 i 2018, 2 i 2017)

Talgje sokn:

Dåp: 4 i 2019 (6 i 2018, 8 i 2017, 12 i 2016, 12 i 2015, 8 i 2014, 5 i 2013)

Konfirmerte: 8 i 2019 (7 i 2018, 10 i 2017, 9 i 2016, 7 i 2015, 6 i 2014, 18 i 2013)

Vigslar: 0 i 2019 (2 i 2018, 1 i 2017, 2 i 2016, 3 i 2015, 5 i 2014)

Gravferder: 3 i 2019 (4 i 2018, 5 i 2017, 5 i 2016, 3 i 2015, 5 i 2014, 5 i 2013)

Totalt antall Gudstenester: 66 i 2019 (62 i 2018, 61 i 2017, 59 i 2016, 65 i 2015, 51 i 2014, 52 i 2013)

Snittnatall på Gudstenestene: 43,9 i 2019 (50 i 2018, 56,8 i 2017, 60,7 i 2016, 48 i 2015, 57,3 i 2014, 60 i 2013)

Totalt antall Sundag/helgedag GT: 43 med snitt på 51,2 i 2019 (43 med snitt på 58 i 2018, 43 med snitt på 67,2 i 2017, 41 med snitt på 71,5 i 2016, 41stk med snitt på 55 i 2015)

Antall nattverdsgudstenester: 27 i 2019 (30 i 2018, 30 i 2017, 19 i 2016, 25 i 2015, 24 i 2014)

Totalt tal på nattverdsgjester: 962, snitt 35,6 i 2019 (1005, snitt 33,5 i 2018, 1248, snitt 41,6 i 2017, 977, snitt 51,4 i 2016, 842 33,7 i snitt i 2015, 949 ,39,4 i snitt i 2014)

Utmeldingar: 6 i 2019 (0 i 2018, 16 i 2017, 29 i 2016, 0 i 2015, 1 i 2014)

Innmeldingar: 1 i 2019 (1 i 2018)

Trusopplæringstiltak – sjå trusopplæringsrapporten som ligg ved

0-1 år Dåpssamtalar, dåp og baby song ca 20 samlingar i året.

1-3 år Samling i kyrkja for å lære kveldsbøner, med utdeling av materiell, og invitasjon til Gudsteneste. I Hesby sokn er det samling for 2 åringane.

4 år: 4 års bok – Samling i kyrkja i forkant av ei gudsteneste der dei får utdelt ein barnebibel..

5 år: Utdeling av aktivitetsbok på ei samling i kyrkja i forkant av ei gudsteneste. I lag med 4 åringane. I Talgje og Sjernarøy sokn har me ei felles samling for 1 – 5 år.

6 år: 1. klasse på Finnøy blir invitert til familiegudsteneste og får ei Bibelbok som dei kan lese sjølv. På alle andre øyar enn Finnøy, blir 6- 9 år (1-4 kl) invitert ilag og får ulike bøker / CD kvart år i hausttakkefesten i kyrkja. Dei får også felles skulebesøk. Det er stor oppslutning rundt dette arrangementet i kyrkjene.

7 år: Invitasjon til Påskevandring på Finnøy, samt utdeling av påskebok eller påske CD. Dette er eit samarbeid med Sundagsskulen på Finnøy.

8 år: Tårnagenthelg. Borna får lære om kyrkja, misjon og Bibelen på ein spanande måte.

9 år: Pinsevandring på Halsnøy, Samling som varar i 3 timer der dei får lære pinsehistoria i ord og handling. Avslutta med grillfest.

10 år: Utdeling av Godt nytt. Skulebesøk og innbydelse til Bibeldagen i kyrkja.

11 år: Lys vaken. Eit døgn der me vert lys vakne for den verdensvide kyrkja og dei rundt oss. Førebuing til og aktiv deltakelse i gudsteneste. Arrangert i Fogn kyrkje.

12 år: Rotur frå Talgje til Sjernarøy med overnatting på Emmaus. Roturen har som tema å lære om liturgien i kyrkja.

13 år – 18 år: Open Hall. 12 – 14 fredagskveldar i løpet av året med fokus på samvær, ballaktivitet og andakt. Nært samarbeid med KRIK.

14 -15 år Konfirmasjon. Meir om Konfirmasjon neste side.

15 år Ungdomsalpa. 10 kveldar pluss ein weekend med fokus på dei sentrale tema i den kristne trua. Alle leiarar er frivillige frå Finnøy.

I tillegg til dette har kyrkja samarbeid med skular og barnehagar knytt til Jul og påske, bibeldag og hausttakkefest.

Konfirmasjon

Prest Terje Engstrøm har hatt hovudansvar for konfirmantopplegget i samarbeid med andre i staben og frivillige. I samarbeid med foreldre blir det arrangert 24 timers leir på Furutangen med egenandel på 450 kr. Ellers har vi hatt forskjellige grupper, Fjellturgruppe, bakegruppe og sykkelgruppe. Vi har Sunt og Sant «refleksjonsgruppe» rundt etiske dilemma knytta til rus og seksualitet 4 gonger. Det har også vore heimegruppe på kvar øy utanom i Sjernarøy sokn pga få konfirmantar

(dei har vore hjå Terje på Finnøy).

Det er årleg fasteaksjon og 4 heimegrupper i tillegg til noko fellesundervisning på Bethel. Konfirmantane deltek på totalt 8 Gudstenester. Der konfirmantane er aktivt deltakande på fleire. Vi viser til Konfirmasjon i Finnøy på Facebook og heimesida for konfirmantane for meir informasjon www.kyrkja.com og youtube kanalen Hesby Media for video av aktivitetane.

Diakoni

Diakoniutvalget har i år ferdigstilt diakoniplanen og alle sokna har godkjent denne.

Etter at denne vart godkjent har to personar frå utvalget i lag med prest og kyrkjeverge fått mandat til å jobbe vidare med å sondere mulighet for å få ein diakonstilling i Finnøy. Gruppa har hatt nær dialog med rådgjevar på bispekontoret og representantar for administrasjonen i Stavanger krk fellesråd.

Prest og andre ansatte driver med sjelesorg og heimebesøk, samt andakter og besøk på sjukeheimen og andre eldretreff. På Hesby er det ei besøksgruppe. Den består av ca 10 personer. Gruppa går på besøk ved runde og halvrunde tal.

Det er mykje arbeid for eldre, der prestar blir invitert til å halde andakt regelmessig. Frivillige har også andakt kvar sundag på sjukeheimen. Me legg og vekt på å utruste kvar einskild truande til å være "prest" for sin neste. Dette ser me mykje av. Me har tilrettelagte gudstenester som arrangerast 2 gonger per semester. Det er god oppslutning og god stemning blant deltakarane. Det har vore 4 føremiddagstreff på Helgøysund Bedehus i regi av kyrkja.

Misjon

Både Talgje og Hesby sokn har utsendte misjonærar i sin midte. Dei er tilknytte organisasjonar, men kyrkjelydane kjenner sterk tilknytting til dei. Utover det, blir det samla inn takkoffer til ulike misjonsorganisasjoner, og kvart sokn har sitt misjonsprosjekt.

Sjernarøy sokn: støtter Misjonselskapet sitt arbeid på Madagaskar, til utdanning av lokale evangelistar.

Talgje sokn: støtter Livets kilde som driv evangelisering og diakoni i Kenya. Jostein Gard er primus motor for dette arbeidet i Noreg. Prosjektet starta i 2005 og det er totalt samla inn 267 800,-

Hesby sokn: Kjellfrid Eggebø fra Finnøy, arbeider for ILTC og ho er delar av året i Tanzania. Og ho fortel at det er kjekt og veldig meingsfullt. Iraqw-folket og språket

deira har ikkje hatt gode kår i Tanzania. Men takka vere den entusiastiske og sjøloppfrande innsatsen til Frøydis Nordbustad frå Tysnes, fekk dei i 2004 Bibelen på sitt eige språk. Dette er verkeleg eit stort løft for dette folket og identiteten deira. I 2005 vart ILCT stifta. Dei har leseopplæring for Iraqw-folket som hovedoppgåve. Kjellfrid er med og driv språkopplæring. Dei flinkaste elevane blir lærte opp så dei sjøl kan vere lærerar. Og nå er ho med på å lære opp ca 50 lærerar som igjen driv leseopplæring for vaksne. Dei som deltek i undervisninga kan verken lesa eller skriva frå før. Det gir store resultater. ILCT driv ikkje med bibelundervisning eller kyrkjelydsarbeid direkte, men dei samarbeider med dei kristne kyrkjene i den delen av landet der Iraqw-folket bur. For å vekke interesse for leseopplæringa, viser dei gjerne ein film ute på eit torg eller ein annan høveleg plass. Ein Jesusfilm er veldig populær. Då får dei kontakt med folk og oppmuntrar dei til å bruke sitt eige språk og lære å lese dette. Hesby sokneråd har valgt ILCT som sitt misjonsprosjekt for ein periode. Kjellfrid har ikkje løn for dette arbeidet, men likevel trengs det pengar, til reiser, bilar, utstyr og litt løn til dei som driv som lærerar.

Hausten 2019 var soknerådsperioden over for nokon og andre er innvalgt for dei neste 4 åra.

Hesby sokneråd 2016 – 2019

Faste medlemmer:

1. Anna Lauvsnes
2. Espen Idsøe
3. Magne Landa Eggebø

Isachsen

4. Olav Reilstad
5. Kjetil Sevheim
6. Solveig Hatletvedt

Varamedlemmer:

1. Tyra Landa Eggebø
2. Ingrid Marie Nærland Vastveit
3. Jorunn Strand Vestbø
4. Beate Vangen

Hetland

5. Reidun Åbrekk Bråtveit

Talgje sokneråd 2016 – 2019

Faste medlemmer:

1. Torstein Meling Kandal

2019 - 2023

1. Lars Rørtveit
2. Olav Rørtveit
3. Dorrit Vignes

4. Odd Birger Bleie
5. Heidi Kristin Urtegård
6. Kjetil Sevheim

1. Helene Steen
2. Anlaug Flesjå
3. Kjell Harald Lunde
4. Birte Lauvsnes

5. Åse Stang

1. Leif Kolnes

2. Eilif Gard
3. Sissel Sørestad Halsne
4. Leiv Kolnes
5. Ottar Sandanger
6. Anne Caroline B: Eike
7. Bjørn Edvin Eriksen
8. Inger Marie Egeland

Varamedlemmer:

1. Liv Sangedal
2. Kari Velve Byre
3. Trond Egil Sivertsen
4. Else Jorunn Løland Vold
5. Kirsti Anita Esperås

Sjernarøy sokneråd 2016 – 2019

1. Kari Hidle
2. Åsa Marit Lilledal Sinnes,
3. Terjer Hidle
4. Eivind Norheim,
5. Else Norheim,
6. Sissel Haavik Vadla,

Varamedlemmer:

1. Torill Talgø
2. Benny Tysdal Helgeland
3. Kari Kristine Norheim

2. Eilef Johan Gard
3. Ottar Sandanger
4. Sissel Sørestad Halsne
5. Inger Marie Egeland
6. Anne Elisabeth H Hindal
7. Arne Martin Aandstad
8. Jostein Østhus

1. Oddbjørg Marie Måland
2. Eva Bringeland
3. Else Jorunn Løland Vold
4. Ingebjørg Bøe
5. Berit Helen Gard

1. Kari Hidle
2. Eivind Norheim
3. Terjer Hidle
4. Åse Marit L Sinnes
5. Ragnhild Frøyland
6. Hege Berglund

1. Sissel Haavik Vadla
2. Grete Hiim
3. Benny T Helgeland
4. Helga Vadla
5. Beate Ø Hauge